

Forskrift om delvis stenging av sanitæranlegg/fellesanlegg ved campingplassar, bubilcamping, gjestehamner i samband med Covid-19

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Austrheim kommune 14. mai 2020, med heimel i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav b.

§ 1 Føremål

Forskrifta gjeld tiltak i Austrheim kommune som skal førebyggje og hindre spreing av smitte av covid-19, samt avgrense belastning på helse- og omsorgstenesta i kommunen.

§ 2 Stenging av felles kjøkken, samt dusj- og vaskeanlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner

Felles kjøkken, samt dusj- og vaskeanlegg ved campingplassar, bubilcamping og gjestehamner for fritidsbåtar i Austrheim kommune skal vere stengt.

Det er opna for tilgang til toalett med handvask, med den føresetnad at verksemdene sikrar ivaretaking av smittevernhygiene, reinhald og vaskerutinar, helst dokumentert i internt kontrollskjema.

Pålegget gjeld ikkje ved utleige av hytter, leilegheiter, campingvogner eller liknande med eige bad/wc/kjøkken.

§ 3 Økonomisk ansvar

Austrheim kommune tek ikkje økonomisk ansvar som følgje av pålagde tiltak.

§ 4 Verknadstid

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.